

Håkenstad og Sundhågå

gnr. 25 og nr. 26

gard og slekt

Av Knut Raastad, april 2026



Håkenstad ca. 1930. Foto: Hans Joramo

Håkenstad

Gnr. 26 bnr. 1

Gjengjerden 1528 viser at brukaren var Pedher Hogestad.

Ivar Hågenstad var lagrettemann i 1596.

Skattelister viser Jonn som brukar i åra 1610 til 1623.

Koppskatten 1645 nemnde Jacob Hogenstad og hans hustru, han er også nemnd i kvegskatten 1657-58. Skattelister nemner han også i 1614, 1620 og 1625, og han var lagrettemann i 1635. Ivar Kleiven skreiv at denne ætta hadde hatt garden i bygsel frå 1528 (i boka står det feilaktig 1628). Jacob hadde truleg sonen:

Siver f.ca.1625, neste brukar



Håkenstad. Foto frå Grete Steigen, Vågå historielags fotoarkiv

Manntalet 1666 viser Haagenstad 4 huder Sigverd Jacobsen 41 år og sonen Jon Sigverdsen 15 år. Matrikkelen 1668 viser at Siffuer Jachobsen brukte 4 huder, truleg var han son til brukaren i 1645. Siver Jakobsen var gift med Gunhild Johannesdotter d.ca.1672, dei hadde 2 barn:

Jon

Kari, neste brukar

Eigar av Håkenstad før 1646 var Mads Pedersen som var faut i Søndervigen.

Etter 1646 var eigaren fauten i Gudbrandsdalen Christen Mogensen. Matrikkelen 1668 viser at eigarane da var Christen Mogensens arvingar. Christen Mogensen 1600-1654 var gift med Cathrine Eggertsdotter Stockfleth f.1610 i Danmark. Christen hadde bl.a. sonen:

Eggert Christensen Stockfleth 1635-1681, neste eigar

Eggert Christensen Stockfleth 1635-1681 som var sokneprest i Vågå 1667-1681 overtok Håkenstad etter faren. Eggert var gift med Anna Fredriksdotter Glostrup f.før 1650 d.etter 1730, dotter til prest i Vågå Fredrik Nilsen Glostrup d.ca.1610 og Else Michelsdr. d.1659 som var enkje etter tidlegare prest i Vågå Christen Bertelsen Mule 1600-1643. Eggert og Anna hadde 2 barn:

Martha, g.m. Otto Munthe som var prest på Fron

Else Cathrine Stockfleth 1672-1757, seinare eigar

I ei avtale 1673 skal Peder Amundsen Hogenstad betale 80 rd. i «opladelse» til Siffir Hogenstad og ekte dotter hans. Peder var frå nigard Sandbu son til Amund Steinarson Sandbu n-s og Synne Ivarsdr. Sandbu u-s. Dotter til Siver var truleg Kari, ho fekk i 1681 kjøpebrev frå sokneprest Eggert Stockflet på Håkenstad skyld 4 huder for 350 rd. Peder f.ca.1638 d.1679 og Kari hadde 2 døtre:

Gunhild, g.m. Einar Sjugurdsen Hole n., Lesja, til nigard Sandbu i 1696

Synne f.ca.1667 d.ca.1700, neste brukar

I følgje Ivar Kleiven så overtok andre dottera og mannen da Einar og Gunhild overtok nigard Sandbu og flytta dit. Synne var gift med Tjøstolv Torstensen Kleppe f.ca.1666 d.1724 (han kom seinare til Valbjør). Tjøstolv og Synne hadde 1 barn:

Torstein f.ca.1698, g.m. Ingeborg Eriksdr. Kvarberg ø., til Rottem

Skoskatten 1711 viser Anders Sergvetssen. Dette må vera presten Anders Sigvardsen Munch 1668-1737 som var prest i Dollerup på Jylland frå 1698 og prest i Vågå 1722-1737. Anders var son til Lesjapresten Sigvard Engebretsen Munch 1590-1694 og Anna Jørgensdr. Marstrand, Grytten. Anders var bror til Henning Munch som var prest i Vågå 1681-1694 og var gift med Anna Glostrup i hennar andre ekteskap. Anders var gift med dotter til Anna, Else Cathrine Stockfleth. Else Cathrine tok att Håkenstad på odel ca. 1696 slik at mora Anna Glostrup/Stockfleth kunne bu der. Anders og Else Stockfleth hadde 7 barn:

Sigvard d.1747, kapellan i Vågå, prest i Haa

Eggert Munch Stockfleth, sorenskrivar i Rakkestad

Anne 1704-1793, g.m. Jens Johansen Borchsenius 1709-1763, prest i Nes i Hallingdal

Anna Sophie 1712-1761, seinare eigar
Else Cathrine, g.m. Laurits Leganger, prest i Aremark
Fredrikke Mariane, g.m. Lars Frisach, prest i Kråkstad
Mariane, g.m. Bastian Engelhardt, prest i Rendalen

Ca. 1706 tok sorenskrivar Henrik Schmidt over Håkenstad som kreditor til Anna Glostrup/Stockfleth. Tidspunktet stemmer ikkje med skoskatten 1711, men det kan vera at overtakinga skjedde seinare eller at registrering til skoskatten skjedde tidlegare enn 1711. Henrik var son til Jakup Knutsen som var sorenskrivar før Henrik. Henrik som også hadde Sunde etter faren var gift med Marie Glad 1687-1705 dotter til Hans Knutsen Glad 1645-1710 som var soneson og brorson til tidlegare prestar i Vågå. Utanom tvillingar som døydde saman med mora i barselsseng hadde Henrik og Marie 1 barn:

Hans Jacob Henriksen Smith 1704-1732, neste eigar

Henrik Schmidt døydde i 1719, og matrikkelutkastet 1723 viser at Håkenstad 4 huder da var eigd av Hans Jacob Smith som var sonen.

Etter at Anders Munch vart tilsett som sokneprest i 1722, tok han i namnet til dottera Anna Sophie att Håkenstad på odel. I 1731 pantsette sokneprest Anders Munch garden Haagenstad 4 huder for gjeld 408 rd. til kammerråd Hans Morten Sommer. I 1740 var det enkja etter Munch, Else Cathrine Stochfleth som pantsette Hogenstad da ho hadde lånt 440 rd hjå dottera Anna Sophie Munch. Anna Sophie 1712-1761 var gift med Jacob Jacobsen Smith d.1742, bror til Henrik Smith. Anna Sophie vart gift på nytt i 1743 med sorenskrivar i Vågå 1751-1761 Carsten Hauritz d.1761. I 1743 selde Anna Sophia Stochfleth garden sin Haagenstad 4 huder til mora Else Chatrine Stochfleth for 2000 rd.

Seinare same året som ho hadde kjøpt i 1743 selde Else Cathrine enkje etter Anders Munch garden Haagenstad til Tosten Iversen Kleppe for 2000 rd. Tosten 1707-1784 var son til Ivar Torstensen Kleppe 1652-1729 og Guri Olsdr. Hjelle, Dovre 1664-1751. Torstein var gift med Kari Torsdotter Lunde s. dotter til Tor Erlandsen og Anne Persdr. Lunde s. Torstein og Kari hadde 1 barn:

Guri 1746-1816, neste brukar

I 1781 selde Tosten garden Haagenstad 4 huder til svigersonen Iver Thordsen og dottera Guri for 3090 rd. Iver Tordsen Bjølstad 1746-1826 var son til Tord Tordsen Bjølstad 1704-1750 og Mari Ivarsdr. Kleppe n. 1705-1778. Iver og Guri vart gift i 1781. Iver vart 1777 gift fyrste gongen med Kari Simensdotter Tofte 1749-1779.

Iver selde og skjøta i 1806 Haagenstad 4 huder til systersonen Ole Poulsen for 7998 rd. Ole Pålsen Harildstad, Kvikne 1775-1866 son til Pål Tjøstolsen Harildstad 1746-1800 og Guri Tordsdr. Bjølstad 1745-1795. Ole var gift med Kari Tordsdotter Bjølstad 1785-1868 dotter til Tord Tordsen Bjølstad 1742-1813 og Ragnhild Simensdr. Tofte 1753-1813. Ole og Kari hadde 4 barn:

Torstein 1811-1855
Guri 1813-1864, neste brukar
Ragnhild
Mari 1819-1873, g.m. Ole Nilsen Steig, Sør-Fron 1813-1872

Guri 1813-1864 vart 1846 gift med Pål Pålsen Tofte 1816-1886 son til Pål Pålsen Tofte 1778-1856 og Mari Tordsdtr. Bjølstad 1780-1869. Pål Pålsen Tofte fekk i 1853 skjøte på Håkenstad og Håkenstdplassen for 1500 spd. Guri og Pål hadde ikkje barn. Pål vart gift på nytt med Mari Pålsdotter Angard Tallerås, Dovre 1841-1928 dotter til Pål Olsen Angard f.1800 og Kari Simensdtr. Viste 1800-1841. I 1886 vart det tinglyst at Mari Håkenstad sat i uskifts bu. Pål og Mari hadde 3 barn:

Guri 1873-1960, g.m. Jon Tjøstelsen Harildstad 1866-1942
Ole 1877-1964, neste brukar
Pål 1879-1885

Ole Paulsen overtok i 1896 med skjøte frå mora for kr 16000 som også omfatta bl.a. Håkenstadplassen og fleire Råstadgardar. Ole var gift med Anne Olsdotter Angard Faukstad 1873-1954 dotter til Ole Hansen Angard 1829-1908 og Gunhild Langgard 1836-1913. Ole og Anne hadde 4 barn:

Mari 1900-1938
Pål 1902-1987, neste brukar
Magnhild 1908-1982
Trygve 1913-1993, g.m. Torlaug Tallerås f.1919, til nørste Råstad

I 1940 var det skjøte på Håkenstad frå O P Haakenstad til Pål Håkenstad for kr 15000. Pål var gift med Astrid Arneberg f.1922. Dei hadde 3 barn:

Kari f.1948, g.m. Folkvard Bleka
Ola f.1951, neste brukar
Arne f.1955, g.m. Vigdis Karlsen

Ola overtok etter faren i 1976, han vart 1976 gift med Ingjerd Hoen, Nannestad f.1956 dotter til Reidar Hoen f.1918 og Magnhild Engelstad f.1926. Ola og Ingjerd har 3 barn:

Pål f.1976, neste eigar
Marianne f.1979
Trond Ola f.1981

Sætavegen 28, gnr. 26 bnr. 42 vart frådelt i 1972. Hjørdis Ramstad f.1946 har heimel frå 1977.

Sætavegen 38, gnr. 26 bnr. 55 vart frådelt i 2002. Anders Holen f.1971 og Merete Holen f.1976 har heimel frå 2002.

Sætavegen 56, gnr. 26 bnr. 40 vart frådelt i 1970. Torfinn Skogen f.1964 har heimel frå 2008.

Sætavegen 64, gnr. 26 bnr. 53 vart frådelt i 2001. Arne Kristiansen f.1966 og Elisabet Øvstedal f.1974 har heimel til eigedommen frå 2003.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slechter i Vågå og Lom, slektene på Kleppe, Fellese, Tolstad

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Gunnar Ottosen, Jutulen 2009: Sorenskriver i Nord-Gudbrandsdalen etter 1579

Gunnar Ottosen, Jutulen 2011: Prester i Vågå før 1745

Ivar Teigum, Årbok for Gudbrandsdalen 2011: Eit statussymbol i Vågåkyrkja

Ivar Kleiven, I gamle Daagaa: Ækte på Haakaasta

Ola Håkenstad: gardshistorie etter Trygve Håkenstad

Seeiendom.no

Solbakken

Solbakken ligg ovanfor vegen ved Pålstad. Solbakken gnr. 26 bnr. 11 vart frådelt frå Håkenstad i 1937 med skjøte frå O. P. Håkenstad til Ola O Sørliie for kr 1300. Ola 1905-1973 var frå søre Sørlien son til Olaus Kristiansen Sørliie 1863-1943 og Mari Hammer 1865-1934. Ola var gift med Gunhild Villa f.1906 dotter til Knut Villa, Vestnes f.1876 og Inger Øiom f.1882. Ola og Gunhild hadde 3 barn:

 Knut f.1944, neste brukar

 Inger

Knut overtok i 1977.

Sigurd Rønningen f.1977 og Kjersti Frackmann Strass f.1978 har heimel til eigedommen frå 2015.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Seeiendom.no

Pålstad

Pålstad gnr. 26 bnr. 15 vart frådelt frå Håkenstad gnr. 26 bnr. 1 i 1945 med skjøte i 1946 frå Pål Håkenstad til Pål Sønsteng for kr 1250. Pål Sønsteng s. 1919-1991 var son til Amund Lund og Anne Sønsteng. Pål vart 1945 gift med Ragnhild Råstad n. f.1914 dotter til Anton Teigen og Ågot Svare. Pål og Ragnhild hadde 2 barn:

 Amund f.1947, neste brukar

 Ågot f.1952, g.m. Rune Egil Bergheim

Amund overtok i 1981. Han vart 1970 gift med Tove Solheim, Rendalen f.1948 dotter til Marthin J Andreassen f.1914 og Ingrid Tobekk f.1912. Amund og Tove har 4 barn:

Liv f.1970, sbm. Ola Preststlen f.1965

Astrid 1971-1971

Toril f.1972

Arne f.1975

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Norske gardsbruk 1953-1997

Fosse – Håkenstad mølle

I 1900 Anders Ø Landet f.1865 møllar og husmann på Haakenstadvolden eller Kvern, saman med han budde sonen

Ole A Tøfte f.1887

I 1920 var Johannes Olsen Bakke møllar ved Haakenstad mølle. Johannes Bakke, Vardal f.1877 var gift med Marit Olsen Steinstuen 1881-1954, dei hadde 11 barn:

Rønnaug 1908-1995, g.m. Ola A Randen 1902-1978. Til Randsverk.

Johanne f.1910, g.m. Jon Synslien. Til Steinstugu.

Ole 1912-1991, g.m. Ragnhild H Løkken 1911-1993. På Valdeøygarden.

Olav 1913-1992, g.m. Mari Løkken f.1917. I Ruskelykkja.

Magnhild f.1914, ugift

John f.1916, g.m. Kari K Løkken f.1922. Til Storviksøygarden.

Magne 1916-1920, g.m. Signe Trælviken f.1921

Harald 1918-1993, g.m. Ragnhild Runningen f.1921. På øvre Runningen.

Anna 1919-2016, g.m. Rudolf Tessnes 1913-1995

Trygve f.1923, g.m. Ragnhild Sandnes f.1923. Til Vetlsætre m. i Lom.

Kristian 1923-2014, g.m. Kari Reidun Bruhaugen 1929-2018.

Fosse gnr. 26 bnr. 20 vart frådelt frå Håkenstad gnr. 26 bnr. 1 i 1952 med skjøte frå Pål Håkenstad til Kristian Ryen d.1975.

Knut Ryen f. 1923 fekk i 1977 skjøte frå arvingane etter Kristian.

Alf Olav Bakke f.1974 har heimel til eigedommen frå 2000.

Kjelder:

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Seeiendom.no



Sundhågå ca. 1940. Foto: Ansgar Brekke. Foto frå Anne Marie Bolstad, Vågå historielags fotoarkiv.

Sundhågå nedre gnr. 25 bnr. 1

Manntalet 1666 nemnde Hagen 1 hud med oppsitjar Ole Sandboe f.ca.1610 d.ca.1691. Matrikkelen 1668 viser at da var Oluff Sandboe eigar, medan brukaren heitte Johannes. Ved eit skifte i 1691 går det fram at svigerfar til Guttorm Sandbu meiner at han var eigar av Hagen som var sett i pant til Jon Kruke. Denne svigerfaren var Ole Iversen Sandbu u.s. f.ca.1610 d.ca.1691. Men avdøde Lauris Paulsen (Kruke?) hadde sett i pant ½ hud til Jon Eriksen Hagen for 70 rd. og ½ hud til systera Ranney for 40 rd. (Lauris Paulsen hadde syskjena Jon, Tosten, Sønne, Aagot, Gunhild og Ranney, og han hadde vore gift med Mari Mikkelsdr. utan at dei hadde barn.)

Skoskatten 1711 viser husmannen Jacob Jonsen.

Matrikkelutkastet 1723 viser Hagen 1 hud med same eigar og brukar som Sunde. Namnet Sundhagen kjem av at bruket vart eigd og drivi av nordgard Sunde frå denne tida fram til 1881.

I 1731 var det skjøte på Hagen og Sunde frå Hans Jacob Schmidt til farbroren Jacob Jacobsen Schmidt.

I 1741 var det skjøte på Hagen 1 hud og Sunde frå Anna Sophie Munch som var enkje etter Jacob Jacobsen Smith til Anders Jacobsen Øy.

I 1746 var det skjøte frå Anders Jakobsen Sunde til broren Knut Jakobsen på Hagen 1 hud som før hadde vore brukt under Sunde.

Ved skifte i 1748 der Anders Jacobsen Sunde skifta mellom barna vart ikkje Hagen nemnd.

I 1809 selde og skjøta Anders Johannesen Sunde garden Hagen 1 hud og Sunde til sonen Johannes Andersen, foreldra fekk føderåd på Sunde og Sundhagen.

I 1841 var det skjøte på Hagen 1 hud og Sunde frå enkja Mari Paulsdotter til sonen Anders Johannesen. Anders Johansen pantsatte Sundhagen i 1851.

I 1864 var det skjøte frå Anders Johannesen Sunde til Johannes Amundsen Østrem på Hagen og Sunde. Johannes Amundsen Østrem 1847-1917 var brorson til Anders Sunde. I 1876 fekk Ole Mo av Johannes Amundsen rett til å søkje dekning av tilgodehavende frå Jacob Sundhagen i husa på Sundhagen.

I 1881 fekk lensmann E Listad auksjonsskjøte på Sundhagen for kr 6000 etter tvangsauksjon i 1878.

I 1895 var det skjøte på Sundhagen gnr. 25 bnr. 1 frå lensmann Listad til sersjant Sylv. Schou for kr 5000. Sylfest Lund, Skjåk 1852-1934 var son til Ole Andersen 1816-1872 og Kari Sylfestdtr. 1817-1900, i 1865 var familien gardbrukarar i Svarehuden og i 1875 var dei hjå broren på Håkenstadøyen. Sylfest vart 1880 gift med Mari Kjøpanger 1857-1947 dotter til Knut Syversen Grev 1832-1914 og Anne Iversdtr. Bjørviken 1833-1896. Sylfest og Mari hadde 2 barn:

Kari f.1880, g.m. Karl Grotheim f.1875. Til Blessomvollen.

Knut 1886-1965, neste eigar

I 1938 var det hjemmelsovergang for Sundhagen gnr. 25 bnr. 1 frå Mari Schou til sonen Knut Schou. Iflg. Norske gardsbruk overtok Knut i 1935, i folketeljinga 1920 vart han nemnd som gardbrukar. Knut vart 1923 gift med Marie Hagen 1895-1978, dei hadde 3 barn:

Sylfest f.1924

Mari f.1926

Arne f.1929

Finn Tveito, Stavanger f.1914 overtok med skjøte i 1953. Han var son til Sindre Tveito 1877-1957 og Thea Clemetse 1886-1983. Gardstunet Trolltun gnr. 25 bnr. 8 vart frådelt i 1959. I 1966 var det skjøte på dette frå Finn Tveito til Henry Førllie d.1971. Finn Tveito kjøpte det att i 1973. I 1984 var det skjøte til skipsaksjeselskapet Eidsiva og i 1990 vidare til Per Ditlev-Simonsen f.1932 med 40 % og det øvrige til eit par aksjeselskap. Seinare var det Stein Erik

Hagen og Rimi som var eigar, og frå 2018 Sundhågå eiendom as som er tilknytt Coop. Gardstunet har frå 1984 fyrst vore feriestad og sidan kurscenter.

Jorda gnr. 25 bnr. 1 vart 1960 seld frå Finn Tveito til Eidefoss as. Transformatorstasjonen gnr. 25 bnr. 9 vart frådelt frå Sundhagen i 1962, Statnett SF har heimel frå 1993.

Den delen av gnr. 25 bnr. 1 som ikkje vart transformatorstasjon, var jord som Eidefoss leigde bort til nabobruket Pålstad gnr. 26 bnr. 15 som kjøpte dette i 1997.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Kleppe

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

Sundhågå øvre gnr. 25 bnr. 2

Skattelister 1650 til 1653 viser at Guro Hagen (Houg) brukte 1 skinn som tilhørde Ola Sandbu.

I 1656 var Johannes Hagen øygardsmann. Brukaren på Hagen heitte i 1668 Johannes. Men krøtterskatten 1657 viser at brukaren på Hagen ved Håkenstad var Jakob. Kva del av Sundhågå desse brukte er uvisst.

I 1693 går det fram at eigaren hadde sett i pant ½ hud av Hagen til Jon Eriksen Hagen.

Skoskatten 1711 viser husmannen Jacob Jonsen.

Johannes Jacobsen var i 1801 husmann med jord under Sunde. Soldat Johannes Jonsen f.ca.1732 d.1802 vart 1754 gift med Kari Mortensdotter f.ca.1733 d.1801, dei hadde 3 barn:

Jacob f.1755 d.før.1801, neste familie

Morten 1757-1819, g.m. Ymbjør Eiriksdtr. Runningen 1762-1852. Til Runningen i Kveom.

Jørgen f.ca.1761

Jacob f.1755 var gift med Else Thoresdotter f.ca.1753 d.etter 1801. Jacob og Else hadde 1 barn:

Johannes f.ca.1785, neste brukar

Johannes f.ca.1785 hadde 2 barn:

Johannes f.ca.1809 d.1871, g.m. Kari Olsdotter Øiseie f.ca.1799 d.1879. Sandbakken.

Jacob f.1815 d.1881, neste brukar

Jacob Johannesen Sundhagen vart 1837 gift med Ragnhild Andersdotter Skjellum f.ca.1812 d.1887 dotter til Anders Skjellum. Jacob og Ragnhild hadde 8 barn:

Guri f.1836

Barbra 1840-1849

Kari 1843-1922, g.m. Anders Olsen Røe 1848-1876, g.2.m. Hans Olsen Bråten ø. f.1837, til Lillehagen (Sundhågå).

Johannes 1845-1912, neste brukar

Anders 1848-1848

Barbra f.1849

Anders 1853-1854

Anders 1856-1857

Johannes Jacobsen Hagen og hustru fekk i 1889 husmannsfeste frå lensmann Listad på plassen Hagen eller øvre Sundhagen. Øvre Sundhagen gnr. 25 bnr. 2 vart frådelt i 1905 med skjøte i 1906 til Johannes J Sundhagen for kr 1500. Johannes Jacobsen vart 1876 gift med Christine Iversdotter Onsumbræden, Fåberg f.ca.1848 d.1928 dotter til Iver Halvorsen Onsumbrænde. Johannes og Christine hadde 11 barn:

Johan 1872-1926

Kari f.1876

Ragnhild f.1877, g.m. Pål Hansen Sørlien f.1882, til Skottlien

Anne 1879-1904, til Fåberg

Johannes 1882-1882

Johannes 1884-1884

Marit f.1886

Iver f.1888

Anton 1891-1918, Lillehammer

Hans 1893-1893

Hanna f.1895

Johan Johansen Sundhagen vart i 1920 nemnd som småbrukar, i 1910 budde familien på Løkken under Øy. Johan var gift med Rønnaug Eriksdotter, Sel f.1859. Johan og Rønnaug hadde 1 barn:

Johannes f.1894, neste brukar

I 1929 var det skjøte frå Rønnaug Sundhagen til sonen Johannes J Løkken for kr 1300.

I 1939 var det skjøte frå Johannes Løkken til Hans E Holen for kr 6750. Hans Holen, Heidal 1904-1995 var son til Einar Holen og Hanna Sørhaugen. Hans vart 1938 gift med Kari Haugen 1908-1995 dotter til Ola Haugen og Gunhild Dalen. Hans og Kari hadde 3 barn:

Erling f.1942, neste eigar

Gunnar f.1945, gift med Kari Hølmo. Til Haugen gnr. 16 bnr. 4

Arne f.1948, g.m. Torhild Josten

Erling vart 1962 gift med Eli Mari Galstad f.1944 dotter til Olav Galstad f.1919 og Kari Sundhagen f.1920. Erling og Eli har 3 barn:

Hans Olav f.1962, neste eigar

Karin Grete f.1963, g.m. Tor Semond Josten

Eldbjørg f.1965, g.m. Vidar Åsheim

Anders f.1971, sbm Merete Rugsveen

Hans Olav var sbm Anne Berit Letrud, dei har 2 barn:

Olav f.1984

Erik f.1988

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Kleppe

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no

Lillehagen / Sundhågan gnr. 25 bnr. 3

Lillehagen vart frådelt i 1907. Hans O Braaten fekk skjøte i 1907 for kr 250. Hans Olsen Braaten og hustru fekk husmannsfeste på plassen Lillehagen i 1889. Hans f.1837 var son til Ole Olsen Ringnes 1790-1876 og Rannei Syversdtr. Braaten 1792-1874. Hans var fyrst gift med Marit Hansdtr. Daleeie Josten f.1839. Hans vart gift på nytt med Kari Jakobsdotter Skjellum Sundhåga ø. 1843-1922, dei hadde dottera:

Ragnhild 1885-1940, neste brukar

Kari var fyrst gift med Anders Olsen Røe, Lom 1848-1876 son til Ole Johannesen Veslhåga Blakarseige 1826-1878 og Berit Andersdtr. Råsbakken n. f.1827. Kari og Anders hadde 1 barn:

Anders 1873-1956, g.m. Anne Olsdotter Haugen 1880-1962. Til Høystad

Lillehagen vart i 1936 kjøpt av Paul H Haugen med auksjonsskjøte i 1938. Etter Norske gardsbruk overtok Pål Haugen 1888-1977 garden Sundhågan i 1915. Pål var son til Mari Pillarvikhaugen som budde ved nørde Haugen i Holongsøyen. Pål var gift med Ragnhild Sundhagen 1885-1940, dei hadde 7 barn:

Mari 1915-1996, g.m. Kristen Nyborg, Heidal

Hans f.1918, g.m. Signe Skurengslien

Kari f.1920, g.m. Olaf Galstad f.1919

Ragnhild f.1922, g.m. Albert Buenget, Øyer

Anne f.1926, g.m. Emil Hove

Marit f.1929

Rønnaug f.1932, g.m. Rolf Lognseth

Pål vart gift på nytt med Marie Martinussen 1911-1968 dotter til Martinius Plassen og Anne Løkken. Pål og Marie hadde 3 barn:

Paul Magne f.1949

Hanna f.1950, g.m. Einar Øygarden

Alfred f.1951, var g.m. Rosvita Kerber, Østerrike f.1947. Bur i Oslo.

Marie hadde tidlegare 3 barn:

Astrid Marie Bakken 1932-2024, dotter til Jarmand Bakken, Nord-Fron f.1905. Astrid g.m. Mathias Mosebakken f.1927. Til Gjertrudneset.

Anna Langdalen

Vebjørn Langdalen 1943-2005, son til Ola Langdalen, Vebjørn g.m. Synnøve

Eigarar frå 1978 er Paul Magne og Alfred Haugen. Paul Magne sbm Anna Holen f.1942 dotter til Olaf Holen Brennsletten f.1902 og Mari Snerlebakken f.1911. Paul Magne og Anna har 2 barn:

Pål Martin f.1979

Ole Morten f.1980

Skogbygdsvegen 37, Skogly gnr. 25 bnr. 5 vart frådelt frå Sundhagen gnr. 25 bnr. 3 i 1946 med skjøte 1947 frå Pål Haugen til svigersonen Olav Galstad f.1919. I 1991 var det heimelsovergang til Ragnhild Aas f.1942 og Eli Mari Holen f.1944, og vidare skjøte frå Eli Holen til Ragnhild Aas på halvdel.

Kari S Daleng Langdalen f.1948 har heimel til eigedommen frå 2005.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slekten på Kleppe

Digitalarkivet: panteregister, kyrkjebøker, folketeljingar

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Seeiendom.no